

Me er foreldre til borna i klasse 1A og 1B på Rimbareid barne- og ungdomsskule. Me er foreldre til born som er seks år gamle, som har hatt sine første månadar i skulen. Me er foreldre til 19 gutar og 9 jenter, som har fått ein trygg og god start i to separate klassar. Me er foreldre til dei borna som de vil slå saman til ein skuleklasse.

De veit litt om elevane som går i desse klassane. De veit talet på gutar og talet på jenter. De veit om dei som er framandspråklege og kanskje noko om behov når det gjeld spesialundervisning. Likevel vil de slå dei saman til ein klasse. Derimot veit de ikkje kven dei er, de kjenner ikkje til deira vanskar, små eller store, eller kva som gjer dei glad. De veit ikkje kva dei treng, når det gjeld læring eller andre behov dei har. Lærarane deira derimot gjer det; dei veit kva borna treng, dei veit kva som er bra for dei og dei veit korleis dei lærer best. Me fryktar ein ny kvardag med usikre gutar og jenter i ein stor klasse, ein klasse der lærarane ikkje kjenner godt nok alle elevane sine. Me er redd for ein klasse der det vert vanskelegare å sjå alle, ei framtid der mellom anna mobbing vert vanskeleg å oppdage på eit tidleg stadium.

De seier de tenker langsiktig, at de må passe på å ikkje gå i minus i løpet av fire år fram i tid. Me synast ikkje at fire år fram i tid er å tenke langsiktig. Me tenker mykje lenger fram enn det. Me tenker på at borna våre har 9 år igjen på skulen, etter dette første året. Ikkje nok med det, me tenker endå vidare. Me les og i media om fråfall i den vidaregåande skulen, og me bekymrar oss for borna våre, og ønskjer at dei skal ha den best mogelege starten på skulegangen som dei kan få.

De seier de har mål om gode resultat framover, fleire elevar på dei høgare nivåa på nasjonale prøvar, og færre elevar på nivå 1. Me lurar på korleis de tenker at å slå saman desse to klassane skal hjelpe til med dette, med tanke på resultat som kommunen kan spegla seg i, og med tanke på interessa i borna våre. Korleis får ein god tilpassa opplæring med 28 elevar og ein lærar i klassen? Me lurar på korleis 28 elevar i ein klasse, med ein lærar, skal verte gode lesarar, spesielt med tanke på lesing som er ein så grunnleggande dugleik. Dette er born som berre så vidt kan lese.

De seier de gjer dette for å spare pengar. Me seier at dette er kortsiktig sparing. Me skjønar at det er summar som skal gå opp, at de må bruke mindre enn de har gjort dette året. Me er redd for at om de kuttar akkurat denne kostnaden no, kjem det til å koste dyrt i framtida. Me fryktar utbrente lærarar. Me fryktar ein klasse som seinare må delast på grunn av åtferdsproblem. Me fryktar elevar som i framtida treng meir spesialundervisning, og elevar som seinare treng anna hjelp på grunn av mangel på tryggleik og gode læringsforhold dei første åra i skulen.

I media les me om den nye lærarnormen som er vedteken i det nye statsbudsjettet. Me skjønar ikkje korleis de då kan gå vidare med planane om å slå saman to klassar som er innanfor denne norma.

Me vil at de skal vete at me er sterkt ueinige i forslaget om å slå saman desse klassane. Me ber dykk om å tenke på borna, på 28 individuelle gutar og jenter. Me ber dykk om å tenke lenger enn fire år

fram i tid. Me ber dykk om å halde fram med to klassar, slik dei er delt i dag. Det er snakk om prioritering!

Foreldra i 1A og 1B ved Rimbareid barne- og ungdomsskule